

Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)

## Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje leddet)

Dato

③ Mottakar (namn og adresse)

④ Klageinstans

**Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.**

**Klagerett**

De har rett til å klage på vedtaket.

**Kven kan De klage til?**

Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④.

**Klagefrist**

Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.

**Rett til å krevje  
grunngjeving**

Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.

**Innhaldet i klaga**

De må presisere

- kva for eit vedtak De klagar på
  - årsaka til at De klagar
  - den eller dei endringar De ønskjer
  - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga
- Klaga må underskrivast.

**Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket**

Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.

**Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje  
rettleieing**

Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleieing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.

**Kostnadene med klagesaka**

De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.

**Klage til  
Sivilombodsmannen**

Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar